



Askvoll

BEREDSKAP OG SAMFUNNSSIKKERHEIT

Overordna beredskapsplan

Administrativ del

Askvoll kommune

Versjon 1.0 · 2026

Innhald

Versjonslogg og endringslogg	2	6. Kompetanse og øving	18
1. Generelt	3	6.1 Kompetanseogopplæring	18
1.1 Innleiing	3	6.2 Øving	18
1.2 Forankring og vedtak	3	6.3 Øvingsverky	18
1.3 Proaktive beredskapsprinsipp	4	7. Evaluering og læring	20
1.4 Heimlar, lovgrunnlag og føringar	5	7.1 Evaluering etter øvingog uønska hendingar	20
1.5 Virkeområde og tilgjengelegheit	5	7.2 Oppfølging av læringspunkt	2
2. Fasar i beredskapsarbeidet	7	7.3 Beredskapsgjennomgang	0
3. Ord og uttrykk	9	7.4 Normalisering og tilbakeføring til ordinær drift	0
4. Beredskapsplanverk	11	8. Årshjul for beredskapsarbeidet	22
4.1 Oversiktoverplanverk	11		0
4.2 Tiltakskort	12	9. Funn frå heilskapleg ROS-analyse	25
4.3 Minimumselement	12	9.1 Prioriterte risikoområde	25
4.4 Samarbeids- og beredskapsavtalar	12	9.2 Langsiktige mål	25
4.5 Oppdatering og revisjon	12	9.3 Strategiar for oppfølging	25
4.6 Totalforsvar og kontinuitet	12	9.4 Ressurskartlegging	25
5. Beredskapsorganisasjonen	14	9.5 Kontinuitetsplanlegging	25
5.1 Krise-og beredskapsleiinga	14	10. Arkivering, tilgjengelegheit og vedlegg	27
5.2 Fullmakter og beredskapsbudsjett	14	10.1 Arkivering	
5.3 Beredskapsråd	15	10.2 Tilgjengelegheit ved bortfall av system	
5.4 Kommunale nød- og vaktordningar	16	10.3 Vedlegg og skjerma delar	
5.5 Statusmøte og møtesyklus under hendingar	16	10.4 Samanheng med kommunalt risikobilete	
5.6 Beredskap ved ferieavvikling og sårbar bemanning	16		27
			27
			27
			27



Kapittel 1

Generelt

Innleiing · Forankring · Proaktive prinsipp · Lovgrunnlag

Versjonslogg og endringslogg

Revisjon og oppdatering av overordna beredskapsplan skal gå framav versjonstabell. Overordna beredskapsplanskalt til ei kvar tid vere oppdatert og tilpassa kommunen sine utfordringar. Planen skal reviderast minimum ein gong per år, øvast minimum kvart andre år, og læringspunkt frå evalueringar etter øvingar og uønska hendingar skal følgjast opp med nødvendige endringar i planverket.

Informasjon	Innhald/ansvar
Dokumenttype	Overordna administrativ beredskapsplan
Plannivå	Overordna, administrativ del
Status per dato	27.06.2026: Godkjent i kokmmunestyret
Heimel	Sivilbeskyttelseslova, forskrift om kommunal beredskapsplikt, helseberedskapsregelverk, anna relevant sektorregelverk
Gyldig frå	KOM 022/26
Planansvarleg	Kommunedirektøren
Fagansvarleg	Beredskapskoordinator
Revisjonsintervall	Minst årleg, og elles ved behov
Distribusjon	Elektronisk i kvalitetssystem og beredskapssystem (RAYVN), styrt tilgang til vedlegg og ressurslister Open
Gradering	administrativ hovudplan, skjerma vedlegg etter behov

Versjonslogg

Versjon	Godkjent dato	Kva er endra	Utført av	Godkjent av	Sak nr.
01-26	27.05.2026	Nytt oppsett og endring av innhald i hht nye retningsliner	Tova Kjæmpenes	Kommunestyret	KOM 022/26

Endringslogg

Mindre endringar i planperioden som ikkje krev ny politisk godkjenning, til dømes retting av lenker, oppdatering av namn på system eller mindre presiseringar i tekst, skal førast i endringsloggen.

Endringsdato	Kva er endra	Kommentar	Ansvarleg

Generelt

1

1.1 Innleiing

Askvollkommune skal med grunnlag i forskrift om kommunal beredskapsplikt ivareta innbyggjarane si tryggleik og sikkerheit, og sikre at kommunen kan oppretthalde nødvendige tenester under uønskte hendingar og kriser. Kommunen skal med utgangspunkt i heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse utarbeide langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap.

Overordna beredskapsplan er kommunen sitt strategiske planverk for handtering av krise- og beredskapssituasjonar. Planverket består av ein offentleg administrativ del, ein skjerma operativ del, operative sektorplanar, tiltakskort og skjermede vedlegg. Den administrative delen skildrar ansvar, roller, organisering, styring og samanheng i planverket, medan operative detaljar er lagde i skjerma delar av omsyn til tryggleik og beredskap.

Planen er forankra i kommunen si heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse, AskvollROS 2025, som er godkjend av kommunestyret. ROS-analysen identifiserer dei viktigaste risikoane og sårbarheitene, medan denne planen skildrar korleis kommunen organiserer og styrer beredskapsarbeidet.

1.2 Forankring og vedtak


Denoverordna administrativeberedskapsplanen skal vedtakast av kommunestyret. Den overordna operative beredskapsplanen og operative sektorplanar vert godkjende av kommunedirektøren innanfor gjeldande delegering og intern styring.

Planansvarleg er kommunedirektøren. Fagansvarleg og koordinerande funksjon er beredskapskoordinator på vegner av kommunedirektøren.

Planen skal reviderast minst ein gong årleg, ved ny heilskapleg ROS-analyse eller vesentleg endra risikobilete, etter større øvingar eller reelle hendingar når evaluering viser behov for endring, og ved større organisatoriske eller teknologiske endringar som påverkar beredskapen. Kommunestyret skal minimum ein gong i kvar kommunestyreperiode få ei samla gjennomgang av kommunen sitt overordna beredskapsplanverk.

1.3 Proaktive beredkapsprinsipp

Askvoll kommune baserer beredskapen på proaktivitet og nyttar ein proaktiv stabsmetodikk som metode på alle nivå i beredkapsorganisasjonen. Det skal vere låg terskel for å kontakte beredkapsleiinga dersom ei hending krev samordning på tvers av tenester, gir stort informasjonsbehov internt eller eksternt, eller krev kapasitet utover det eininga sjølv rår over. Tre proaktive prinsipp gjeld:



Krisestøtteverktøy – RAYVN

Frå 1.10.2023 er det innført nytt krisestøtteverktøy **RAYVN**, med tilleggsmøduklar (DMAZE) for risiko- og sårbarheitsanalyser samt øvingsplanlegging og -gjennomføring. RAYVN er kommunen sitt operative støttesystem for varslng, loggføring og koordinering under kriser.

Prinsippa i praksis

Deit re prinsippaer rettesnorer for alle som inngår i beredkapsorganisasjonen. Dei gjeld frå første varsel til avslutning av krisefasen, og er grunnlaget for opplæring, øving og evaluering i Askvoll kommune.



Proaktiv beredskap i praksis: Tidleg mobilisering og samvirke er kjerneelement i alle tre prinsippa – illustrert ved ein fullskala beredkapsøving.

Foto: Tova Kjæmpenes

1.4 Heimlar, lovgrunnlag og føringar

Denne planens skal bidra til at Askvoll kommune oppfyller krava etter kommunal beredskapsplikt og anna relevant sektorregelverk. Planverket er forankra i kommunen sitt plan- og styringssystem, frå kommuneplan og heilskapleg ROS til overordna administrativ plan, overordna operativ plan og fagspesifikke planar og tiltakskort.

Primære lover og forskrifter

- Sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15
- Forskrift om kommunal beredskapsplikt
- Helseberedskapslova
- Smittevernlova
- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester
- Lov om brann- og eksplosjonsvern
- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Kommuneleva
- Arkivlova
- Relevante delar av plan- og bygningslova, offentleglova og sikkerheitsregelverk

Nasjonale beredskapsprinsipp

- Ansvarsprinsippet
- Likheitsprinsippet
- Nærleiksprinsippet
- Samvirkeprinsippet

1.5 Virkeområde og tilgjengelegheit

Planen gjeld for heile Askvoll kommune sitt geografiske område, alle kommunale einingar, alle nivå i organisasjonen og alle scenario og utfordringar som er relevante etter kommunen sitt heilskaplege risikobilete.



Den overordna administrative delen av beredskapsplanen er eit offentleg dokument og ligg tilgjengeleg på kommunen si nettside. Den overordna operative delen, operative sektorplanar, varslingslister, ressursoversikter, tiltakskort og andre operative detaljdokument er unnatekne offentlegheit når omsyn til tryggleik, beredskap og vern av kritiske funksjonar tilseier det.

Følgande dokument er tilgjengelege for ålmenta på kommunen si heimeside under *Beredskap*:

- **Kommunalt risikobilete 2026** – ein offentleg versjon av AskvollROS 2025, revidert utan trong for ny revisjon av den overordna, heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen frå 2025
- **Overordna administrativ beredskapsplan** (dette dokumentet)

Fargekodesystem for tilgjengelegheit

Aller dokument i kommunen sitt beredskapsplanverk er merkte med ein fargekodesirkel som gjer det umiddelbart synleg om dokumentet kan delast offentleg eller ikkje:

	Grøn: Offentleg dokument – kan delast fritt
	Raud: Unnateke offentlegheit – skal ikkje delast offentleg

Dokument merkte med raud kan likevel delast med relevante samarbeidspartar – som Statsforvaltaren, politiet, Sivilforsvaret, nabokommunar eller andre beredskapsaktørar – dersom det er naudsynt for handtering av ei krise- eller beredskapshending. Slik deling skal skje i samsvar med gjeldande regelverk og avtaleverk.



Kapittel 2

Fasar i eit heilskapleg og systematisk

beredskapsarbeid

Kartlegging · Mål og organisering · Gjennomføring · Evaluering og utvikling

Fasar i beredskapsarbeidet

2

Eiav hovudhensiktenemed forskriftaomkommunal beredskapsplikt er å sikre at kommunen arbeider heilskapleg og systematisk medsamfunnstryggleiks- ogberedskapsarbeidet, jf. forskrifta § 1. Prosessen kan delast inn i fire fasar:

Fase 1: Kartlegging

Kommunen klargjerer krav og forventingar i lovføresegnene, og gjennomfører ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i tråd med krava i forskrifta § 2. Analysen fungerer som ein planføresetnad for vidare planlegging av kommunens samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid.

Fase 3: Gjennomføring

Kommunenutarbeider overordna beredskapsplan, styrkar beredskapskompetansen og integrerer samfunnstryggleik og beredskap i kommunens ordinære plan- og styringssystem. Beredskapsplanen kan utarbeidast i elektronisk versjon, men skal også liggje føre i skriftleg eksemplar.

Fase 2: Mål og organisering

Kommunen etablerer målstruktur, planar og styringssystem for ivaretaking og oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Fastsetjing av mål bør vere ei politisk oppgåve, og knytast til ein diskusjon om kva kommunen kan akseptere av risiki.

Fase 4: Evaluering og utvikling

Evaluering, gjennomgang og revidering som grunnlag for forbetring er viktige element i internkontrollmetoden. Kommunen etablerer rutinar for regelmessig oppdatering, evaluering etter øvingar og uønska hendingar, og beredskapsgjennomgang minimum ein gong per kommunestyreperiode.

Beredskapssyklusen – Askvoll kommune

Heilskapleg og systematisk beredskapsarbeid etter forskrift om kommunal beredskapsplikt § 1



Syklusen er kontinuerleg – evaluering og læring fører til ny kartlegging og forbetring (jf. sivilbeskyttelseslova § 15)

Årsbudsjett og årsmelding

Utgifter til oppfølging av ansvarsområdet samfunnstryggleik og beredskap skal leggjast inn i årsbudsjettet. Resultat av den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysa, som er behandla i kommuneplanprosessen, bør følgjast opp i utarbeidinga av årsbudsjettet. På lik linje m 7ed andre lovpålagde ansvarsområde skal samfunnstryggleik og beredskap vurderast i årsmeldinga.



Kapittel 3

Ord og uttrykk

Omgrep og definisjonar brukt i beredskapsplanverket

Ord og uttrykk brukt i beredskapsplanverket

3

Omgrep	Forklaring
Beredskap	Planlagde og førebudde tiltak og system for handtering av uønska hendingar eller kriser slik at konsekvensane vert minst mogelege.
Beredskapsplan	Dokumentasjon av førebudde handlingar for å handtere ei krise, med oversikt over planlagd krisehandtering, inkl. varsling, informasjonsgjeving og ressursoversikt.
Beredskapssituasjon	Ein situasjon der det er nødvendig å ta i bruk beredskapstiltak, men der tiltaka framleis kan handterast innanfor kommunen sine egne ressursar og planar.
Beredskapsorganisasjon	Den organisasjonen kommunen har etablert med ekstraordinære ressursar og fullmakter for å respondere på ei hending som ikkje kan handterast av den ordinære driftsorganisasjonen åleine.
Fare	Tilhøve som kan føre til utilsikta uønska hendingar.
Førebygging	Tiltak for å redusere mogelegheita for ei uønska hending, eller på førehand redusere konsekvensane av ei mogeleg hending.
Hending	Samleomgrep for uønska hendingar og andre ekstraordinære situasjonar som krev handtering.
IUA Sogn og Sunnfjord	Interkommunalt Utval mot Akutt forureining; beredskap for å verne det ytre miljø mot forureining og redusere eksisterande forureining.
KKL – Kommunal krise- og beredskapsleiing	Den organisasjonen og dei systema kommundirektøren iverkset for å leie og koordinere den kommunale handteringa av uønska hendingar og krisesituasjonar.
Krise/Krisesituasjon	Ein uønska situasjon med høg grad av usikkerheit og potensielt uakseptable konsekvensar for enkeltpersonar, kommunen eller regionen forøvrig.
Krisehandtering	Summen av dei tiltaka som vert iverksette for å avgrense ein skade eller bringe ei krise til opphøyr.
Krisestab	Hovudoppgåva er å sørge for at leiinga til ei kvar tid har eit best mogeleg oppdatert og nøyaktig situasjonsbilete, samt sørger for at avgjerdene vert formidla vidare til rette mottakarar.
Liaison (LIA)	Fagperson som vert innhenta av kriseleiinga for å bistå med informasjonsflyten mellom den organisasjonen liaison kjem frå og kommunen si kriseleiing.
LRS	Lokal redningsentral som vert oppretta på skadestaden.



Kapittel 4

Beredskapsplanverk

Planverkoversikt · Minimumselement · Samarbeidsavtaler · Revisjon · Totalforsvar

Beredskapsplanverk


4

Det er eit krav iforskrifta sin §41. ledd at kommunen sin overordna beredskapsplan skal samordne og integrere alle beredskapsplanar i kommunen.

4.1 Oversikt over kommunen sitt beredskapsplanverk

Det er eit krav etter forskrift om kommunal beredskapsplikt at kommunen sin overordna beredskapsplan skal samordne og integrere alt beredskapsplanverk i kommunen. Overordna administrativ del skal difor gi oversikt over heilskapen i planverket, utan å offentleggjere operative detaljar.

Planverket er organisert i fleire nivå, med kommuneplan og heilskapleg ROS som overordna rammer, overordna administrativ og operativ beredskapsplan på kommunenivå, og sektorvise operative planar, tiltakskort, varslingslister, ressursoversikter og andre vedlegg som utfyller og konkretiserer den overordna strukturen.



4.2 Tiltakskort

Tiltakskort er operative sjekklister for utøving av roller og handtering av prioriterte scenario eller funksjonar. Tiltakskort utfyller overordna planverket og skal vere oppdaterte, tilgjengelege for rett funksjon og samordna med operative sektorplanar.

Krav til tiltakskort

- Tiltakskort skal utarbeidast for alle prioriterte scenario i kommunen sitt risikobilette
- Kwart tiltakskort skal angi ansvarleg funksjon, varslingspunkt, tiltak i prioritert rekkjefølgje og ressursbehov
- Tiltakskort skal lagrast i RAYVN og i skriftleg eksemplar tilgjengeleg utan nettilgang
- Tiltakskort er unnatekne offentlegheit og inngår i operativ del av planverket
- Tiltakskort skal reviderast minimum årleg og etter kvar øving eller hending der dei er brukte

4.3 Minimumselement

Askvollkommunesitt samla overordna beredskapsplanverk omfattar følgjande minimumselement:

- organisering av kommunen si krise- og beredskapsleiing
- oversikt over ansvar, roller og fullmakter
- rutinar for varsling og mobilisering
- ressursoversikter og tilgang til kritiske støttefunksjonar
- planverk for evakuering og innkvartering
- rutinar for informasjon til befolkning, media og eigne tilsette
- tiltakskort og operative sektorplanar for relevante hendingar
- ordningar for revisjon, øving, evaluering og læring

Denne administrative delen viser samanhengen mellom elementa, medan operative detaljar er plasserte i skjerma delar av planverket.

4.5 Oppdatering og revisjon

Det gjeld ulikelovkrav og faglege behov for oppdatering av planverket. Overordna beredskapsplan og operative delar skal oppdaterast minimum årleg. Heilskapleg ROS-analyse skal gjennomgåast minimum éin gong per kommunestyreperiode og elles når risikobiletet endrar seg vesentleg.

For å sikre heilskap og sporbar styring skal kommunen:

- ha årshjulfesta kontroll av planverket
- dokumentere revisjonar og endringar i versjonslogg og endringslogg
- sjå ROS, planverk, øving og budsjett i samheng
- sikre at operative sektorplanar er oppdaterte i samsvar med ansvarleg sektor

4.4 Samarbeids- og beredskapsavtalar

Askvoll kommune har samarbeid og beredskapsavtalar med relevante aktørar for å styrkje evna til samordning og handtering ved uønskete hendingar.

Avtalane omfattar mellom anna interkommunalt beredskapssamarbeid med Fjaler og Hyllestad kommunar, samarbeid innan akutt forureining gjennom IUA Sogn og Sunnfjord, og øvrige sektorvise avtalar med relevante samarbeidspartnarar. Dei operative detaljane knytte til desse avtalane er lagde i skjerma delar av planverket.



Kapittel 5

Beredskapsorganisasjonen

Krise- og beredskapsleiing · Fullmakter · Beredskapsråd

Beredskapsorganisasjonen

5

Målet til einkvar beredskapsorganisasjon er å vere funksjons- og ikkje personavhengig. I det ligg at denskal bestå av funksjonarsomalltid erbemanna, slik at den ikkje er avhengig av at bestemte personar tilfeldigvis er tilstades. Dette føreset god og forsvarleg opplæring av alle personar som skal dekke dei ulike funksjonane.

5.1 Krise- og beredskapsleiinga

Krise- og beredskapsleiinga er kommunen sitt overordna operative styringsorgan ved alvorlege og ekstraordinære hendingar som ikkje kan handterast fullt ut gjennom ordinær drift. Krise- og beredskapsleiinga kan etablerast når hendinga rører kommunen sine tenester, innbyggjarar eller kritiske funksjonar, når situasjonen krev samordning på tvers av sektorar, eller når det er behov for særskild leiing, prioritering, ressursdisponering eller kommunikasjon.

Krise- og beredskapsleiinga er funksjonsbasert og ikkje personavhengig. Dette inneber at rollene skal kunne dekkjast av stedfortredarar ved behov, og at organisasjonen skal vere robust nok til å fungere også ved fråvær, ferieavvikling og redusert bemanning.

Funksjon	Rolle i kriseleiinga
Ordførar	Leiar for krise- og beredskapsleiinga
Kommunedirektør	Administrativ leiar og fullmaktshavar
Beredskapskoordinator	Fagleg koordinator og stabsleiar
Kommunalsjefar	Sektoransvar i krisestab

Krisestab og støttefunksjonar

Følgjande funksjonar kan kallast inn etter hending og behov:

- teknisk leiing
- personalrådgjevar / HR-støtte
- HMT-/HMS-funksjon
- arkiv- og sekretariatsfunksjon
- representantar frå helse og omsorg
- liaison frå eksterne etatar og samarbeidspartar
- andre relevante fagpersonar

5.2 Fullmakter og beredskapsbudsjett

I situasjonar der det er nødvendig med raske avgjerder for å verne liv, helse, miljø, materielle verdiar eller kritiske kommunale funksjonar, kan kommunen nytte delegererte fullmakter i tråd med gjeldande vedtak og delegeringsreglement.

Krise- og beredskapsleiinga kan nytte akutte midlar innanfor ramma som er fastsett av kommunestyret, til rednings- og skadereduserande tiltak når situasjonen krev det. All bruk av fullmakter og ekstraordinære disposisjonar skal dokumenterast i logg og følgjast opp administrativt og politisk i etterkant.

5.3 Beredskapsråd

Itillegg til ei fast beredskapsleiing har kommunen frå hausten 2024 eit felles tverrfagleg samansett beredskapsråd saman med Fjaler kommune og Hyllestad kommune. Oppgåva til dette beredskapsrådet er å vere eit rådgivande forum for gjensidig informasjonsutveksling om beredskapsmessig status i kommunane, inngå avtalar om samarbeid, finne felles løysingar og ta initiativ til beredskapsførebuing, inkl. øvingar.

Samansetning av beredskapsrådet

- Ordførarar
- Kommunedirektørar
- Beredskapsrådgjevar/-koordinator/-sjef
- Politiet
- Brannvesen (nødetat)
- 110-sentralen
- Helse Førde HF
- Sivilforsvaret
- Heimevern
- Redningsselskapet
- Kystverket (farvatnansvarleg)
- Mattilsynet
- Den norske kyrkja
- IUA
- Linja (kraftleverandør Askvoll)
- Statens Vegvesen
- Vestland fylkeskommune
- Raude Kross
- Helselag og sanitetsforeiningar

Frivillige og forsikringsordningar

Alle frivillige frå befolkninga som er registrerte som søk- og redningsressurs hjå lokal redningssentral (LRS), og som deltek i søk- og redningsaksjonar (SAR) på oppdrag frå LRS, er dekkja av kommunen sine gjeldande forsikringsordningar under innsatsen. Dette gjeld t.d. leiteaksjonar etter sakna personar på land og på sjøen.

Søk- og redningsaksjonen vert leia av politiet. LRS oppretter utgangs- og samlingspunkt for alt knytt til ei hending der det vert drive søk og redning. Det er ikkje krav om tilknytning til ein bestemt organisasjon – alle som er registrerte hjå LRS kan aktiverast.

Kommunen pliktar å informere frivillige om deira rettar og kommunen si forsikringsdekning ved aktivering. Eventuelle skadar eller ulykker under innsats skal dokumenterast og meldast i samsvar med kommunen sine rutinar for HMS og skaderegistrering.

Aktivitetar i beredskapsrådet

Beredskapsrådet skalha minst eitt møte i året.

Typiske tema er:

- Klargjering av ansvars- og rolledeling
- Arbeid med heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyser
- Innspel til kommunane sine årsplanar
- Orientering om krisehendingar i løpet av året

Beredskapsrådet sine aktivitetar rapporterast årleg til formannskapa ved kommunedirektørane.

5.4 Kommunale nød- og vaktordningar

Kommunen skaltilkvar tidha oversiktoverrelevante døgn- og vaktordningar, mellom anna:

- legevakt
- teknisk vakt
- brannvakt
- barnevernsvakt
- krisesenter
- veterinærvakt
- andre sektorvise vaktordningar

Detaljar om kontaktinformasjon og vaktoppsett går fram av skjerma varslingslister og operative sektorplanar.

5.5 Statusmøte og møtesyklus under hendingar

Når krise- og beredskapsleiinga er aktivert, skal det så tidleg som mogleg etablerast fast møtesyklus for statusmøte. Statusmøta skal nyttast til å oppdatere situasjonsbiletet, vurdere utvikling, beslutte tiltak, avklare ansvar og sikre samordna kommunikasjon internt og eksternt.

Møtesyklus, rapporteringsform og behov for liaisonar skal tilpassast hendinga sitt omfang og tempo. Dette skal vere nærare beskrive i operativ del og relevante tiltakskort.

5.6 Beredskap ved ferieavvikling og sårbar bemanning

Kommunen skal i ordinærplanlegging ta omsyn til

periodar med redusert bemanning, særleg ferieavvikling, høgtid, langvarig sjukefråvær og andre situasjonar som aukar sårbarheita. Kritiske funksjonar, vaktordningar, fullmakter og stedfortredarar skal vere avklarte før slike periodar startar.

Oppsummering: Beredskapsorganisasjonen

Kommunen sin beredskapsorganisasjoner bygd opp rundt fire hovudprinsipp:

- **Funksjonsorientering** – organisasjonen er funksjons- og ikkje personavhengig
- **Samordning** – krise- og beredskapsleiinga koordinerer på tvers av sektorar
- **Proaktivitet** – låg terskel for aktivering og tidleg mobilisering
- **Kontinuitet** – vaktordningar og stedfortredarar sikrar døgnkontinuerleg beredskap



Kapittel 6

Kompetanse og øving

Opplæring · Øvingar · Øvingsverktøy

Kompetanse og øving

6

6.1 Kompetanse og opplæring

Kommunen skal gjennomføre opplæring for personar og funksjonar som har roller i kriseorganisasjonen. Dei som inngår i beredskapsorganisasjonen skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å forstå ansvar, rolle, system og metodikk.

Kommunen skal leggje til rette for relevant opplæring av folkevalde med rolle i kriseorganisasjonen, og sørge for opplæring ved nyttilsetjing, rolleendring eller organisatoriske endringar. Kommunen skal særleg sikre kompetanse innan stabsarbeid og loggføring, varslings og mobilisering, krisekommunikasjon, bruk av digitale støttesystem, evakuering, samvirke med eksterne aktørar og kontinuitetsplanlegging.

Kompetansekrav

Kommunen skal særleg sikre kompetanse innan:

- grunnopplæring i stabsarbeid og loggføring
- varslings og mobilisering
- krisekommunikasjon
- bruk av RAYVN og DMAZE
- evakuering og omsorg for råka personar
- samvirke med eksterne aktørar
- kontinuitetsplanlegging og prioritering ved knappheit

6.2 Øving

Kommunen si kriseorganisasjon skal øvast minimum kvart andre år. I tillegg skal kommunen vurdere behovet for mindre treningsaktivitetar, deløvingar, opplæringstiltak og tverrsektorielle øvingar årleg.

Øvingar kan gjennomførast:

- internt i kommunen
- i samarbeid med nabokommunar
- i samarbeid med beredskapsrådet og andre eksterne aktørar
- i regi av Statsforvaltaren eller andre myndigheiter

Tidsplan for øvingarskalførast inn i årshjulet.

6.3 Øvingsverktøy

Askvollkommune brukar fagsystemet DMAZE i kombinasjon med RAYVN for øvingsplanlegging, gjennomføring og evaluering. Evaluering skal munne ut i konkrete tiltak med ansvar og frist.



Kapittel 7

Evaluering og læring

Evaluering · Læringspunkt · Beredskapsgjennomgang · Normalisering

Evaluering og læring

7

7.1 Evaluering etter øving og uønska hendingar

Kommunen skal etterøvingar og uønska hendingar

evaluere krisehandteringa. Evalueringa skal vere skriftleg og gjennomførast så snart det er praktisk mogleg etter at hendinga eller øvinga er avslutta.

Evalueringa skal minst omfatte leiing, ansvar og prioritering, varsling og mobilisering, informasjonsberedskap og kommunikasjon, situasjonsforståing og loggføring, samordning og samvirke, ressursutnytting og støttefunksjonar, evne til å oppretthalde kritiske tenester, og behov for endringar i planverk, opplæring eller utstyr.

7.2 Oppfølging av læringspunkt

Alle evalueringar skal omsetjasttilkonkrete oppfølgingstiltak. Tiltak skal registrerast med:

- beskriving av funn
- korrigerande eller forbetrande tiltak
- ansvarleg funksjon
- frist
- status for gjennomføring

Der evaluering viser behov for endring i ROS-analyse, overordna plan, operative sektorplanar eller tiltakskort, skal dette følgjast opp utan ugrunna opphald.

7.3 Beredskapsgjennomgang

Kommunen bør med jamne mellomrom gjennomføre ein samla beredskapsgjennomgang. Ei slik gjennomgang skal minimum éin gong i kvar kommunestyreperiode vurdere om:

- samfunnstryggleik og beredskap er ivareteke i samsvar med myndigheitskrav
- planlagde tiltak vert gjennomførte
- risikobiletet har endra seg
- øvingar og kompetansetiltak vert gjennomførte som fastsett
- operative sektorplanar er oppdaterte og samordna med overordna planverk

7.4 Normalisering og tilbakeføring til ordinær drift

Nårsituasjonen ikkje lenger krev ekstraordinær organisering, skal krise- og beredskapsleiinga beslutte overgang til normal drift. Overgangen skal planleggjast og kommuniserast tydeleg, med avklaring av restoppgåver, ansvar for oppfølging av råka personar, økonomi, dokumentasjon, arkivering og eventuelle politiske orienteringar.

Kommunen skal leggje til rette for avlastingssamtalar, debrief og annan nødvendig oppfølging av involvert personell og råka personar etter behov. Normalisering skal også omfatte oppstart av evaluering og oppfølging av læringspunkt.



Kapittel 8

Årshjul for beredskapsarbeidet

Planlagde aktiviteter gjennom heile året

Årshjul for beredskapsarbeidet

8

Årshjulet forberedskapsarbeidet skal veretil hjelp for kommunen for å arbeide inn planlagde aktivitetarinnan overordna handlingsplanar på ein systematisk måte. Årshjulet vil gjere det meir oversiktleg og lettare å planlegge aktivitetar og bidreg til å sette kommunen i stand til å stette krava til kommunal beredskapsplikt.

Tidspunkt	Aktivitet	Ansvarleg
Januar	Gjennomgang av beredskapsplanverket – statusrapport til kommunedirektøren	Beredskapskoordinator
	Nyttårsmøte – gjennomgang av kriseleinga og året som gjekk	Beredskapsleiar
	Oppdatering av beredskapslister – kontaktinformasjon og roller	Alle sektorleiarar
Februar	Oppdatering av varslingslister og ressursoversikter	Beredskapskoordinator
	Beredskapsøving – kommunikasjon og test av informasjonskanalar	Informasjonsansvarleg
	Møte med eksterne samarbeidspartnarar (politi og helse)	Kriseleing
Mars	Innspel til årsbudsjett for beredskapsarbeidet	Beredskapskoordinator / Kommunedirektør
	Eigenberedskapsuka – planlegging og førebuing til nasjonalt fokus	Alle einingar
	Beredskapsøving – evakuering (test av evakueringsplanar)	Teknisk sektor
April	Eigenberedskapsuka – nasjonalt fokus på eigenberedskap	Alle einingar
	Beredskapsøving – helse og omsorg	Helseleiar
	Oppdatering av beredskapslager – sjekk av lagre og utløpsdatoar	Teknisk sektor
Mai	Øvingsplanlegging for komande år	Beredskapskoordinator
	Beredskapsøving – krisestab (simulering av krisesituasjon)	Kriseleing
	Planlegging av sommarberedskap – sesongbetinga risiko	Alle sektorleiarar
Juni	Møte i beredskapsrådet (Askvoll, Fjaler, Hyllestad)	Ordførar / Kommunedirektør
	Sommarberedskap – fokus på ekstremvær og auka beredskap	Alle einingar
	Beredskapsøving – ekstern kommunikasjon og mediehandtering	Informasjonsansvarleg
Juli	Sommarpause – minimum bemanning og bareberedskap på plass	Beredskapsleiar
August	Opplæring og kompetanseheving for kriseorganisasjonen	Beredskapskoordinator
	Beredskapsøving – infrastruktur (test av straum og vatn)	Teknisk sektor
	Møte med Statsforvaltaren – koordinering på fylkesnivå	Kriseleing
September	Øving av kriseorganisasjonen (minimum kvart 2. år)	Beredskapskoordinator
	Beredskapsøving – psykososialt kriseteam	Helseleiar
	Oppdatering av beredskapskommunikasjon – sjekk av meldingssystem	Informasjonsansvarleg

Årshjul – forts.

Tidspunkt	Aktivitet	Ansvarleg
Oktober	Evaluering av øving og oppdatering av planverk	Beredskapskoordinator
	Beredskapsøving – samordning mellom sektorar	Kriseleiing
	Planlegging av årskurs og opplæring	Beredskapskoordinator
	Møte med nabokommunar – samordning og erfaringsutveksling	Kriseleiing
November	Revidering av beredskapsplan og ROS-analyse ved behov	Beredskapskoordinator
	Haustemøte – gjennomgang av kriseleiinga og året	Kriseleiing
	Beredskapsøving – totalforsvar og krisescenario	Kriseleiing
	Årsleg evaluering av beredskapsprogram – vurdering av måloppnåing	Beredskapsleiar
Desember	Årsmelding – vurdering av samfunnstryggleik og beredskap	Sektorleiarar / Kommunedirektør
	Juleferie – minimum bemanning og bareberedskap på plass	Beredskapsleiar
	Møte med kriseleiinga – årsavslutning og gjennomgang	Kriseleiing
Kvart 4. år	Revisjon av heilskapleg ROS-analyse (H-ROS)	Beredskapskoordinator / Kommunestyret Kommunedirektør
Kvart 4. år	Gjennomgang av beredskapsplanverket for kommunestyret (politikaropplæring)	

Varslingslister

Varslingslister og øvrig kontaktinformasjon skal haldast fortløpande oppdatert. Desse er ikkje ein del av dette offentlege dokumentet, men ligg i RAYVN med styrt tilgang.



Kapittel 9

Funn frá heilskapleg ROS-analyse

Prioriterte risikoområde · Mål · Strategjar · Ressursar

Funn frå heilskapleg ROS-analyse

9

Gjennomgang av Askvoll ROS2025 viser at kommunen har særleg risikoar og sårbarheiter innan fleire område med potensielt store konsekvensar for liv, helse, kritiske samfunnsfunksjonar og kommunal drift.

9.1 Prioriterte risikoområde

Særleg prioriterte område omfattar mellom anna:

- ras og skred
- brann og ulykker til sjøs
- svikt i kritiske samfunnsfunksjonar
- ekstremvær, inkludert vind, flaum og skred
- digitalt angrep mot eKOM- og IKT-infrastruktur
- utfall i mobilnett og elektronisk kommunikasjon
- skog- og utmarksbrann
- pågåande livstrugande vald

9.2 Langsiktige mål

For å redusere risiko og styrkje beredskapevna skal kommunen arbeide etter følgjande langsiktige mål:

- integrere samfunnstryggleik og beredskap i økonomiplan, årsbudsjett og årsmelding
- styrkje evna til å oppretthalde kritiske samfunnsfunksjonar ved langvarige hendingar
- vidareutvikle samordning, varslingskommunikasjon og evakueringsberedskap
- sikre oppdaterte operative sektorplanar og tiltakskort for prioriterte scenario
- styrkje kompetanse, øving og læring på tvers av sektorar

9.3 Strategiar for oppfølging

Måla skal følgjast opp gjennom:

- innarbeiding i budsjett og økonomiplan
- prioritering av tiltak med grunnlag i ROS
- revisjon av overordna og operative planar
- systematisk øving og evaluering
- styrkt kontinuitetsplanlegging i kritiske tenestemråde

9.4 Ressurskartlegging ved mobilisering og knappheit

Kommunen skal ha oversikt over personell, kompetanse og nøkkelfunksjonar som er kritiske ved langvarige hendingar, mobilisering eller knappheit på arbeidskraft, varer og tenester. Oversikta skal nyttast som grunnlag for prioritering, omdisponering og kontinuitetsplanlegging.

9.5 Kontinuitetsplanlegging

Askvoll kommune skal utvikle og vedlikehalde kontinuitetsplanar for kritiske samfunnsfunksjonar. Planane skal støtte evna til å oppretthalde, redusere, prioritere og gjenoppta tenester ved langvarige eller samansette hendingar, også ved bortfall av straum, ekom, IKT eller tilgang på personell og innsatsfaktorar.



Kapittel 10

Arkivering, tilgjengelegheit og vedlegg

Arkivering · Tilgjengelegheit · Vedlegg · Samanheng med risikobilete

Arkivering, tilgjengelegheit og vedlegg

10

10.1 Arkivering

Beredskapsplanar, operative sektorplanar, tiltakskort og tilhøyrande dokumentasjon skal lagrast i kommunen sitt kvalitetssystem og i RAYVN der dette er bestemt. Referat, loggar og øvrige arbeidsdokument frå kriseleiinga skal arkiverast i kommunen sitt sak- og arkivsystem i samsvar med gjeldande regelverk.

Inn- og utgåande dokument knytte til beredskapssituasjonar skal arkiverast i ordinært postsystem eller annan godkjend løysing, med nødvendige avgrensingar for innsyn der regelverket

krev det.

10.2 Tilgjengelegheit ved bortfall av system

Kommunen skal sikre at kritiske delar av beredskapsplanverket er tilgjengelege også ved bortfall av internett, straum eller elektroniske støttesystem. Det skal derfor finnast skjemde backup-løysingar for varslingslister og ressursoversikter, alternativ tilgang til sentrale styringsdokument ved teknologisk bortfall, og avklarte rutinar for bruk av papir eller offline-løysingar når situasjonen krev det.

10.4 Samanheng med kommunalt risikobilete

Denneoverordna administrative beredskapsplanen erutarbeidd i samanheng med kommunen sitt heilskaplege risikobilete og tilhøyrande ROS-arbeid. Risikobiletet dokumenterer kva scenario og utfordringar som er mest relevante, medan denne planen skildrar korleis kommunen er organisert for å styre, samordne og vidareutvikle beredskapsarbeidet.

10.3 Vedlegg og skjerma delar av planverket

Offentleg tilgjengeleg

- overordna administrativ delav beredskapsplanen
- offentlig kortversjon av kommunalt risikobilete, der dette er utarbeidd
- eventuelle generelle styringsdokument utan sensitive operative detaljar

Unnateke offentlegheit

- overordna operativberedskapsplan
- operative sektorplanar
- varslingslister og kontaktoversikter
- ressursoversikter
- tiltakskort med detaljerte prosedyrar
- detaljerte sårbarheitsvurderingar og andre operative detaljdokument



Overordna beredskapsplan

Ansvarleg utgjevar: Tova Kjæmpenes, Beredskapskoordinator Askvoll kommune

Publisert 2026